



Referat frå styremøte 5.desember 2013

Til stades:

Styremedlemer:

Gustav Bahus
Øyvind Tøsdal (vara for Åsmund Lien)
Lisbeth Lunde Axelsen
Nina Moldskred (vara for Ole Mikal Olsen Ramsøy)

Andre:

Direktør Per Øyvind Riise
Sissel Ringkjøb, referent
Magnus Vaktskjold, rektor ved Stend vidaregåande skule

Meldt fråfall:

Åsmund Lien
Ole Mikal Olsen Ramsøy
Vegard Bakka
Haldor Telle

Styreleiar Gustav Bahus leia møte.

06/2013 **Innkalling med sakliste**
Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:
Innkalling med sakliste vart godkjend.

07/2013 **Referat frå styremøte, 20.03.2013**
Det var ingen merknader til referatet.

Vedtak:
Referatet vart godkjend.

08/2013 **Orinteringar**
a) Fanafjellet
På nabotomta til Fanaseteren har det i lengre tid vore byggeaktivitet. Dei opprinnelige planane var at det skulle byggjast eit kurs- og konferansenter. Desse planane er no endra til eit rehabiliteringssenter for rusavhengige.

I samband med bygginga fekk Bymuseet tilbod om å knytta seg på vann- og kloakkanlegget deira. Dette for å betre toalettforholda på Fana seteren. Bymuseet mottok eit pristilbod frå Bergen varme- og rørleggerservice på kr 120.000,- eks.mva. I tillegg til denne kostnaden må det oprinnelige toaletthuset rivast og settast opp på nytt. Totalt vil dette bli ein så stor kostnad at det ikkje vert aktuelt i denne omgang.

Administrasjonen var også i kontakt med Bergen- og omegn friluftsråd vedr. eit offentleg toalett. Her vil driftansvaret falle på Bymuseet og som vil kreve mykje ressursar som det ikkje er rom for.

b) Økonomi - Bymuseet

Direktør Per Øyvind Riise orienterte om Bymuseet sin økonomi. Økonomien for 2013 er relativt bra i Bymuseet og vil i år gå med eit overskot, og eigenkapitalen vil for fylste gong vere positiv. Dette er knytta til ein streng kostnadskontroll, og reduserte lønnskostnader knytta til naturlege avganger i 2013.

I 2014 vert det oppretta ei ny tømrarstilling. Dette for å styrke bygningsforvaltninga i Bymuseet. Det vil også verta oppretta ei ny formidlarstilling i Gamle Bergen. Tatt til orientering.

c) Virksomhetsplan for 2014

Direktøren orienterte om Virksomhetsplanen for 2014.

Virksomhetsplanen vart drøfta opp i Representantskapet i november. Den vert endeleg vedtak på styremøtet for Bymuseet 11.12.2013

Strategiplanen for 2013 – 2018 ble også lagt frem for styret.

Tatt til orientering.

d) Innflytting i nye magasin

Det har vore brukt store ressursar i samband med flytting av gjenstadar frå dei gamle magasina i Arna til større og betre magasin i Jordal. Det er spesielt samlingsavdelinga og personar frå Bygningsvernadelinga som har vore involvert i prosessen. Arbeider vil pågå i mange år fremetter.

Tatt til orietering.

e) Avhending av gjenstandar

I 2013 fekk Bymuseet støtte fra Norsk Kulturråd til eit 2-årig prosjekt om avhending av gjenstander. Det er ansatt ein person i 70 % stilling til dette prosjektet. Målet er at prosjektet skal ende i nasjonale retningslinjer for prioritering og avhending.

Tatt til orientering.

f) Hendt sidan sist

Siden sist styremøte har det vore gjennomført 5 store arrangement på Hordamuseet. Eit av arrangementa var (som tidlegare år) i regi av Bjørgvinmarknaden.

Besøkstalet på desse arrangementa var totalt 4 882. Dette er litt lågare tal sammenlikna med talet frå i fjor. Dette skyldes at Bjørgvinmarknaden hadde lågare besøkstal.

Elles har det vore opning av 2 utstillingar.

Utstillinga «Brøstduk» - i samarbeid med Bunadsgruppa i Fana.

Utstillinga «Ein sydleg tur mot nord» - Fotoutstilling av fotograf Janis Skoulas.

Besøkstalet på antall skolelever er i år høgare enn i 2012. Årets tal er det høyeste tallet som har vore registrert nokon sinne.

Det er mulig at det totale besøkstalet på Hordamuseet vil vere litt lågare i 2013 enn 2012, men dette er ikkje avklart pr 05.12.2013.

09/2013

Ymse

Ingen saker meld under ymse.

Fana, 18.12.2013

Gustav Bahus (s)
Styreliar

Sissel Ringkjøb
Sissel Ringkjøb
Referent

Underskrifter.

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.